

Bok på 1-2-3

Katten og kråka

Av Arild Torvund Olsen, Are Edvardsen
og Trine Lise Normann

Tverrfagleg undervisingopplegg for barneskulen i norsk
og kunst og handverk.

Tid: 60 minutt

Katten og kråka er ein teikneserie i fantasy-sjangeren. Ein trollmann leier folket sitt tilbake til borga dei måtte flykte frå den gongen fjellet eksploderte i eit vulkanutbrot. Lite veit dei at noko stort og farleg har flytta inn i borga ... det er det berre katten og kråka til trollmannen som har oppdaga. Men dei kan ikkje seie det til trollmannen, fordi han er udugeleg og berre let som at han skjønner kva dei seier.

Då er det opp til katten og kråka å redde dagen.

Utstyr og førebuing

- Kople opp pc med tilgang til nett og prosjektor.
- Finne fram utdraget frå boka.

ILLUSTRASJON: Trine Lise Normann (frå boka)



Føremål etter læreplanen frå 2020

Norsk

- lese lyrikk, noveller, fagtekstar og annan skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk, svensk og dansk og samtale om føremål, form og innhald
- utforske og skildre samspelet mellom skrift, bilete og andre uttrykksformer og lage eigne samansette tekstar

Kunst og handverk

- teikne form, flate og rom ved hjelp av verkemiddel som kontrastar, skugge, proporsjonar og perspektiv
- analysere visuelle verkemiddel i ulike medium

1 Før lesing

(10 minutt)


Sjå på bokomslaget og les tittelen på boka.

- Kva trur de historia skal handle om?
- Kva stemning trur de at det er i historia?

Denne teikneserien er i fantasy-sjangeren. Fantasy-forteljingar kan gå føre seg i vår verd eller i ei anna verd, men dei må innehalde eit fantastisk element av noko slag, som magi, fabelvesen eller noko anna som bryt med det me i vår verd reknar for realistisk. Spørsmål de kan diskutere i klasserommet, er:

- Kva slags fantasy-bøker eller -filmar kjenner de?
- Kva kjenneteiknar slike forteljingar?
- Kva slags forventingar har de til ei fantasy-forteljing?

Skriv gjerne opp svara på tavla, i eit felles dokument eller liknande.



2 Lesing

(5 minutt)

Les utdraget frå boka (side 11 til 24), eller sjå filmen med opplesinga:

<https://vimeo.com/673168165>

3 Etter lesinga

(5 minutt)

- Var historia slik de trudde ut frå omslaget?
- Var det nokon fantasy-element i historia?
- Dersom elevane hadde sett eller lese fantasy tidlegare: På kva måte var denne forteljinga lik det de har sett/lese før, og på kva måte skil ho seg frå det?

4 Aktivitet

(om lag 40 minutt)



Les teikneserien «Kva du kan gjere med ein teikneserie som du ikkje må fortelje mor di» av Øystein Runde i lag med elevane:
<https://nynorsksenteret.no/teikneseriar/rundetips.html>

I den serien viser Runde korleis ein kan ta i bruk fugleperspektiv, oversiktsbilete, froskeperspektiv, ultranærbilete og anna. Sjå deretter på dei fyrste sidene av utdraget frå *Katten og kråka*, der kråka kjem til borga og oppdagar draken. Dei sidene er nesten utan ord. Korleis vert ulike perspektiv og utsnitt nytta som forteljande verkemiddel der? Finn de døme på bruk av oversiktsbilete og fugleperspektiv? Kva funksjon har det? Kva med froskeperspektiv for å få noko til å sjå ekstra stort og skremmande ut? Eller ultranærbilete for å framheva noko? Kva med omslaget på boka – kva effekt har fugleperspektivet der?

I utdraget får me aldri sjå heile draken. La elevane teikne eit bilete av korleis dei trur draken ser ut. Oppmod dei til å ta i bruk perspektiv/synsvinkel for å få fram kor stor draken er (froskeperspektiv dersom draken er stor, fugleperspektiv dersom draken er liten). Eventuelt kan dei skrive ein tekst om draken der dei skildrar korleis dei trur han er (farge, lukt, utsjånad, oppførsel og liknande).